



Nivå 7

Test i taloppfatning

Instruksar for gjennomføring av testen:

- Vi anbefaler at de byrjar testen med å gjennomføre hovudrekningsoppgåvene, det vil seie oppgåve 21–30. Les reknestykka, men ikkje skriv tala /reknestykka. Elevane skal rekne i hovudet og berre skrive svara. Gi elevane ca. ti sekund til å svare på kvar oppgåve.
- Med resten av oppgåvene arbeider elevane på eiga hand. Les oppgåvene for dei elevane som treng hjelp. Unngå å lese eller forklare tal skrivne med talsymbol.
- I oppgåve 5: Poengter at ordet omtrent er viktig. Forklar at det berre blir spurt etter eit omtrentleg tal.

Oppgåve 1Kap. 2

Bilen til familien Olsen har køyrt 18 399 km.

Kva vil kilometerteljaren til bilen vise når han har køyrt ein kilometer lenger?

18 400

Oppgåve 2Kap. 2

Finn talmønsteret og skriv dei tre neste tala:

1753 1743 1733 1723 1713 1703 1693

Oppgåve 3Kap. 2

Finn talmønsteret og skriv dei tre neste tala:

0,2 0,5 0,8 1,1 1,4 1,7

Oppgåve 4Kap. 3

Olga var hundre år gamal i 2007.

I kva for eit år vart ho fødd?

1907

Oppgave 5

Kap. 3

Omtrent kva for eit tal peikar pila på?



Hvilket som helst tal mellom 1000 og 2000

Oppgave 6

Kap. 4


Skriv "tre meter og fem centimeter" som meter.

3,05 m

Oppgave 7

Kap. 4

Omtrent kor stor del av heile rektangelet er skravert? Teikn ein ring rundt svaret ditt.



a) 0,15

b) 0,4

c) 0,80

d) 0,52

e) 2,5

Oppgave 8

Kap. 4

Plasser 0,10 på talinja



Plasser 0,06 på talinja



Plasser 0,9 på talinja



Oppgave 9

Kap. 4

Teikn ein ring rundt det største desimaltalet i kvart par:

a) 2,06 eller 2,3

b) 4,7 eller 4,52

Oppgave 10

Kap. 4

Teikn ein ring rundt det største desimaltalet i kvart par:


a) 3,413 eller 3,32

b) 5,17 eller 5,175

Oppgave 11

Kap. 5

Teikn ein ring rundt ein tredel av boksane.



Oppgave 12

Kap. 5

Fargelegg tre firedelar ($\frac{3}{4}$) av denne figuren.



Oppgave 13

Kap. 5

Teikn ein ring rundt den største brøken:

a) $\frac{5}{6}$

b) $\frac{5}{7}$

c) $\frac{5}{8}$

d) $\frac{5}{9}$

Oppgave 14

Kap. 5

Merk av og skriv brøkane $\frac{1}{10}$ og $\frac{4}{5}$ på riktig plass på tallinja, så nøyaktig som mogeleg.




Oppgave 15

Kap. 5

Du skal gå ein tur langs den markerte linja i kvadratet. Du startar i punktet S og går i retninga som pila viser, heile vegen rundt.

Teikn eit kryss som viser kvar du er når du har gått omtrent $\frac{1}{3}$ av turen.



Dersom krysset står ein stad i dette området, skal du godta svaret.

Oppgave 16

Kap. 6

Anne hadde 150 kroner. Ho brukte 100 % av pengane.

Kor mange kroner hadde ho igjen? Teikn ein ring rundt svaret ditt.

a) 0 kr

b) 50 kr

c) 100 kr

d) 150 kr

e) 250 kr

f) 300 kr

Oppgave 17Kap. 6

Mona blandar like mengder Cola og Solo i eit glas. Ho drikk litt av blandinga.

Kor mange prosent Cola er det igjen i glaset?

a) 25 %

b) 50 %

c) 75 %

d) 100 %

e) Kan ikkje svare

Oppgave 18Kap. 10

Jim kjøper 3 handballar. Kvar handball kostar 98 kr.

Kva for eit reknestykke viser kor mykje handballane kostar til saman?

a) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 1

b) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 2

c) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 3

d) Rekn ut $3 \cdot 100$ og trekk frå 6

Oppgave 19Kap. 10

John dividerte eit tal med eit anna. Svaret vart "5, med 3 til rest".

Kva kan divisjonsstykket vere?

Det finst uendeleg mange.

Eksempel: $23 : 4$ eller $33 : 6$ eller $28 : 5$

Oppgave 20Kap. 10

Elisabeth legg 6 blyantar på rad etter kvarandre. Rada blir 100 cm lang.

Kor lang vil rada bli dersom ho brukar 9 blyantar?

150 cm

Oppgave 21Kap. 15

Skriv berre svara på reknestykka eg les. De skal ikkje skrive reknestykket, berre svaret.

Rekn i hovudet: $8 \cdot 9$

72

Oppgave 22Kap. 16

Rekn i hovudet: $120 - 50$

70

Oppgave 23Kap. 16

Rekn i hovudet: $0,8 + 0,7$ [Les "null komma åtte pluss null komma sju"]

1,5

Oppgave 24Kap. 17

Rekn i hovudet: $50 \cdot 60$

3000

Oppgave 25Kap. 17

Rekn i hovudet: $150 : 30$

5
--

Oppgave 26Kap. 18

Rekn i hovudet: $52 - 25$

27

Oppgave 27Kap. 18

Rekn i hovudet: $44 + 67$

111

Oppgave 28Kap. 19

Rekn i hovudet: $33 \cdot 7$

231

Oppgave 29Kap. 19

Rekn i hovudet: Halvparten av 58

29

Oppgave 30Kap. 19

Rekn i hovudet: $72 : 4$

18

Oppgave 31Kap. 20

Rekn ut på dette arket:

$67 + 158$

225

Oppgave 32Kap. 20**Rekn ut på dette arket:**

$400 - 163$

$$\begin{array}{r} 237 \\ \hline \end{array}$$

Oppgave 33Kap. 20**Rekn ut på dette arket:**

$1,9 + 0,19$

$$\begin{array}{r} 2,09 \\ \hline \end{array}$$

Oppgave 34Kap. 20**Rekn ut på dette arket:**

$$\frac{7}{8} - \frac{3}{4}$$

$$\begin{array}{r} \frac{1}{8} \\ \hline \end{array}$$

Oppgave 35Kap. 21**Rekn ut på dette arket:**

$49 \cdot 3$

$$\begin{array}{r} 147 \\ \hline \end{array}$$

Oppgave 36Kap. 21**Rekn ut på dette arket:**

$204 : 6$

$$\begin{array}{r} 34 \\ \hline \end{array}$$

Oppgave 37Kap. 21**Rekn ut på dette arket:**

$2,4 \cdot 5$

$$\begin{array}{r} 12 \\ \hline \end{array}$$

Oppgave 38Kap. 21**Rekn ut på dette arket:**

$9 : \frac{3}{4}$

$$\begin{array}{r} 12 \\ \hline \end{array}$$

Oppgave 39Kap. 22

For å skrive reknestykket $6 + 3$ på lommereknaren din trykkjer du på desse tastane: 6 + 3.
Lommereknaren din har ikkje brøktast.

Korleis kan du skrive inn noko som er det same som $\frac{1}{8}$ på lommereknaren din?
(Skriv tala og symbola du vil trykkje på i riktig rekkjefølgje.)

$$\frac{1}{8}$$

Oppgave 40Kap. 22

Skriv i riktig rekkjefølgje tastane du vil trykkje på lommereknaren din for å rekne ut:
3,5 meter – 35 centimeter.

Kva eining vil du gi svaret ditt?

$$3,5 - 0,35 \text{ meter} \quad \text{eller} \quad 350 - 35 \text{ centimeter}$$